

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
1  
ROGALAND  
19 70

Navnet på vatnet Edlandsvatnet  
Kommune ..... Gjesdal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-  
liner og i nært samarbeid med Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr  
Øyvind Vasshaug.

## E D L A N D S V A T N E T.

Fiskeanalyesen vart foreteken den 25/9 1970.

Vatnet ligg i Gjesdal kommune, nærmere stadfest på austsida av Ålgård, og grensar i nord for ein del til E 18. H.o.h. er 102m. Arealet er ca. 210 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetilhøva vera vekslande. Etter det folk kan fortelje er største djup ca. 30 m, men med fleire større grunnlendte partier innimellan.

Stranda består for det meste av stein som går over til gjørmebotn mot djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Brasmegras, algevokster, div. sivplanter m.fl. utgjer vegetasjonen i strandsona.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, snaumark og fjell.

Hovudtilsiget fell inn i nord-aust der Limavatnet, Bergsvatna, Bjor-tjerna m.fl. inngår.

Avlaupet renn ut på vestsida " Figgjoelva" og går til sjøen på Sele.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH er målt til 6.8 som reknast å vera nærast ideelt for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaCO}_3$ ) er 5.0 mg/l og den totale hardheita 11.7 mg/l. Kalkinnhaldet er såleis ikkje særleg stort, men likevel bra i høve til mange andre analyserte vatn.

$$\text{Leiingsemna } K_{18} = 45.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}.$$

Gjennomstøyminga er normalt ikkje særleg stor.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 33 vårfuelarver, 118 fjærmygglarver, 10 muslingar, 7 sneglar, 6 fåbørstemark og 2 døgnfluelarver -

i alt 1 760 individ pr.  $m^2$ .

5,0 meteren gav som resultat 75 fjærmygglarver, 8 fåberstemark, 3 vårfuelarver, 1 musling og 1 ringorm - tilsvarahde 880 individ pr.  $m^2$ .

På 10,0 m vart det funne 56 fåberstemark og 1 fjærmygglarve i alt 570 individ pr.  $m^2$ .

Samla resultat syner at der er mykje godt med næringsdyr i vatnet og langt over det ein til vanleg vil finna. Vi skal også her merkja oss det store antall med fåberstemark og som gjerne indikerer forurensing.

Det vart vidare teke mageprøver av 2 fiskar og desse syner store mengder av fjærmygglarver og pupper. Då det ikkje vart teken fleire mageprøver kjem det av at mageinnhaldet var stort sett det same i alle fiskane.

#### Planktonprøver.


Det vart teke både horisontale og vertikale plankontrekk, med planktonhov, og resultata var relativt rike prøver av hoppekreps, vasslopper, diatomer og grønnalger.

#### Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, Røyr, stingsild, sik og ål. Etter det vi får opplyst skal der vera sett ut yngel av laks og sjøaure.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 45 aurar, 24 sik og 2 reyr. Fordeler vi heile fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.

Auren er her for seg og siken for seg.



Fordeler vi auren og siken på cm-klassar får vi denne grafiske framsyninga.



Det vart teke prøver av 28 aurar og av desse var 21 røde, 5 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøttet.

1 fisk var svakt angripen av parasittar.

Der var 13 hanfiskar og 15 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

Ser vi på medeltilveksten og den årlege lengdetilveksten av prøgefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.


	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengda i cm	5.1	10.5	16.4	22.5	25.0	27.7
Årleg lengdetilvekst i cm	5.1	5.4	5.9	6.1	2.5	2.7
Antall fiskar	28	28	28	22	13	4

Medel kondisjonsfaktor = 1.09 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for auren i Edlandsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren ein mykje god lengdetilvekst og ligg over normalkurven like til 5 års alder. Den knekken som kurven gjer ved 4-års alder skuldast kjønnsmogning og gyting som stort sett, etter fiskekjemaet, inntrer ved denne alder.

Vidare går det fram av fiskekjemaet, at berre 4 av dei 28 aurane vi fekk og som det vart teke prøver av, hadde gytt tidlegare. Gyteprosenten er såleis låg og det tyder på gode tilhøve.



Fisken går mot ei maksimallengd på snaut 30 cm. Der vil sjølvagt finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, men der er ikke særleg mange av desse fiskane.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Edlandsvatnet er eit ganske næringsrikt vatn og der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Botnprøvene våre var uvanleg rike og vasskvaliteten god. Omfarfordelinga og cm-klasseinndelinga fortel om eit difrensiert fiskebestand, der både mindre og større fisk er representert.

Vekstkurven og kondisjonsfaktoren gir uttrykk for gode tilhøve og fin fisk.

Når tilhøva er såpass gode i Edlandsvatnet er det fleire ting som har forårsaka dette.

Nedslagsfeltet består for ein stor del av dyrka mark, kulturbeiter m.v. og tilsiga herfrå vil fylgjeleg føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Den årlege utfiskinga som har pågått ned gjennom åra har og vore av det gode og hjelpt til med å halde fiskebestandet i sjakk.

Då der er både sirk, røyr og aure i vatnet, vil næringsførrådet bli godt utnytta og avkastinga pr. ha stor.

Etter det folk kan fortelje, var vatnet omkring 1960 klart av farge og godt brukande som drikkevatn. Vassfargen i dag er som nemnt brunleg-gul og med ein kolossal algevokster. Vi kan såleis ikkje sjå bort frå at forurensinga er stigande p.g.a. kloakkutslepp frå boligfelt m.v. Botnprøven vår på 10,0 m tilseier 560 fåbørstemark pr.  $m^2$  og dette er eit ganske høgt tal. Som kjent er denne marken nettopp ein indikator på forurensing.

Det blir opplyst at røyra har gått sterkt tilbake i seinare år, og grunnen til dette må vera at gyteplassane har vorte øye-lagt. Dei store mengdene med alger m.v. som årleg går til grunne, vil leggja seg som eit teppe over heile botnarealet og dekka dei tidlegare gyteplassane.

Gytetilhøva for auren er særskilt gode så rekrutteringen skulle vera sikra.

Alle fiskane vi fekk var av mykje god kvalitet, så det ser ut som om fiskebestandet er bra avpassa næringsførrådet.

#### Praktiske tiltak.

Der må skipast til eit grunneigarlag for Edlandsvatnet og dei ovanfor liggjande vatna i vassdraget og slik at det då blir selt fiskekort til alle som vil prøve fiskelukka. Vatna ligg sentralt til, så det vil sikkert ikkje vera få som kjem til å løyse fiskekort her.

Den årlege utfiskinga som har pågått gjennom åra må halde fram som før.

Når det gjeld forurensinga som vatnet er utsett for, så var det å ynskja at denne ikkje for ettertida måtte forverra tilhøva.

Yngel av laks og sjøaure har vorte utsett i Edlandsvatnet og dette vil då koma "Figgjoelva" til gode. Ein kan ikkje rekne med at laks og sjøaure i nokon omfang vil kunne passere fossen ved Ålgård og koma opp i vatnet, men nedover vil nok fisken gå. Utsetjinga bør difor halde fram.

Elles er der ikkje så mykje å føy til det som her er sagt.  
Edlandsvatnet eignar seg godt såvel for garn - som for stang-  
fiske så det må kunne gjerast ganske mykje ut av dette vatnet.

Stavanger 7/5 1971

Einar Berg